



Invitasjon til vårsamling på Thon Hotel Oslo Airport 23.-24. mai 2017

Program:

23. mai

11:30	Lunsj
12:30 – 13:45	Plenum
14:00 - 18:00	Kurs
20:00	Middag

24. mai

09:00 - 11:30	Kurs
11:30 - 12:30	Lunsj / utsjekk
12:30 - 14:30	Kurs

Kurs:

Vi tek atterhald om nok påmeldingar til kvart kurs.

Påmelding – fram møte:

Det vert berre lagt ut elektronisk påmeldingsskjema på heimesidene våre, [klikk her for påmelding](#).

Pass på at e-postadressene er korrekt. Ta gjerne ein ekstra sjekk. Det er viktig at de fullfører påmeldingsskjema for at påmeldinga vert registrert.

Fyll ut påmeldinga så snart som råd. **Hugs: Ei påmelding pr. deltakar.**

Ved fulle kurs kan det verta avgrensingar på deltakarar frå kvart lag.

Avmeldingsfristen er seinast 10 arbeidsdagar før samlinga. Dersom denne fristen ikkje vert halden, vil laget bli fakturert for NLT sine faktiske kostnader. Ved sjukdom etter denne fristen må sjukmelding sendast oss. Kontakt oss snarast ved andre uforutsette hendingar.

Praktiske opplysningar elles:

Hotell: [Thon Hotel Oslo Airport](#)

Buss frå Gardermoen : [Rutetabell](#)

Fram møte på hotellet seinast kl. 11:30 (lunsj) 23.mai.

Absolutt siste frist for påmelding er tysdag 2. mai.

NLT gjer merksam på at de vert fakturert for ein eigendel på kr. 2000,00 pr. deltakar. Dette inkluderer overnatting med fullpensjon og alle kurskostnader.

Reise ordnar og betaler de sjølv.

NLT tek atterhald om endringar.

Advokatkontor- NHO Mat og Drikke stiller med erfarne arbeidsrettsadvokatar, og held ope advokatkontor for alle deltakara på samlinga 23. og 24. mai. Advokatane kan gje deg svar på spørsmål om tilsetting, oppseiing, arbeidsavtalar, ferie, oppfølging ved sjukdomsfråver, samt dei aller fleste andre tema som er relatert til forholdet arbeidsgjevar/arbeidstakar. Dersom tida strekk til vil du få svar på ditt spørsmål der og då. For dei sakene som er meir komplisert vil advokatane notera kva saka gjeld og fortsetja rådgjevinga pr. e-post og telefon.

Fleire av våre samarbeidspartnara vil vera til stades med stand begge dagar.

Kursprogram

Ta kontakt med Tor dersom du ynskjer meir utfyllande informasjon om dei ulike kursa.

Kurs 1 – Kommunikasjon via digitale- og sosiale media

Kurshaldar:

Bukken AS

Innhald:

Kommunikasjonskurs med fokus på digitale- og sosiale media tilpassa behova til NLT sine medlemmer. Både teori og praktiske øvingar direkte knytt mot tema.

Kurs 2 – Dagleg leiars rolle i organisasjonen modul 1

Kurshaldarar modul 1:

NHO Mat og Drikke

Dette kurset vil gå over 3 modular. Modul 1 vil ha fokus på rolla di som arbeidsgjevar, medan modul 2 og 3 vil bl.a. ta føre seg følgjande tema: Forsikringsordningar, budsjett/rekneskap, HMS, årshjul, årsavslutning, forventningar til deg som dagleg leiar i organisasjonen.

Du vel sjølv om du ynskjer å ta alle modulane, eller vil ta enkeltvis.

Innhald modul 1:

- Rolleavklaring styret og ansvaret som ligg i stillinga som DL (Halvor E. Sigurdson, NHO)
- Pensjon (Fredrik Anspach, NHO)
- AFP (Fredrik Anspach, NHO)
- Lønn og lokale forhandlingar teori og praktiske oppgåver (Adv. Jørgen Wille, NHO Mat og Drikke)
- Vikarbyrå / bemanningsforetak, korleis forhalda seg til oppdragsgjevar og tilsett (Adv. Jørgen Wille, NHO Mat og Drikke)
- Dagleg leiar si rolle ved tilsetting og oppseiing (Camilla S. Roander, NHO Mat og Drikke)

Kurs 3 – Webtemp II

Kurshaldarar:

NLT

Kurset er tilrettelagt for dei laga som allereie bruker Webtemp. Intensjonen er at du som kursdeltakar skal tileigna deg større kunnskap i bruken av programvara. Vi vil bruke god tid på å gå gjennom problemstillingar de møter i daglig bruk.

Innhald:

- **Erfaringsutveksling**
- **Søkefunksjonalitet**
 - Søk til utvalg
 - Gruppering
- **Massekommunikasjon**
 - E-post og SMS
 - Renteberegning
 - Massefakturering
- **Rapporter**
 - Søkekriterier
 - Redigering av søk
 - Pivottabeller
- **Portal og tilgang**
 - Gjennomgang av kunde- og kandidatportal
 - Tildeling av rettar til kunde og kontaktperson
 - Diverse
- **Oppdrag**
 - Korrigerering
 - Forlenging
 - Kopiering
 - Fakturering og kreditering
- **Innkome problemstillinger**

Kurs 4 – Ny strategiplan 2018-2021 (kun for tillitsvalde og dagleg leiar)

Kurshaldar:

NLT

Innhald:

NLT er i gang med ny strategiplan for 2018-2021. I den samanheng har de no moglegheit til å ta del i dette arbeidet, og kome med innspel til denne prosessen. Det vil bli lagt opp til gruppearbeid/-samtalar om ulike tema, og styret vil ta dette med seg vidare i arbeidet med den nye strategiplanen. Tema som vert sett på dagsorden vil og vera til nytte i arbeidet med eigne strategiplanar i dei enkelte landbrukstenestene/avløysarlag.

Punkt til diskusjon:

- Korleis skal Landbrukstenestene vera i framtida?
- Kva tilbod/tenester skal vi tilby, og kva vert etterspurt av våre medlemar?
- Jordbruksmeldinga; velferdsordningane skal vidareutviklast, kva gjer vi?
- Korleis skal vi utvikle oss internt men og ut mot medlemar og kundar?
- Kva skal vera kriteria for å vera medlem i NLT?

I tillegg vil det kome opp fleire punkt som vert sendt ut til deltakarane i forkant av samlinga

Kurs 5 – Arbeidsrett i praksis

Kurshaldar:

NHO Mat og Drikke

Lurer du på korleis andre Landbrukstenester løyser personalmessige utfordringar? Vil du ha svar på dine spørsmål?

NHO Mat og Drikke sine advokatar løyser dagleg medlemar sine arbeidsrettslege problem. Dei har plukka fram og laga oppgåver frå henvendingar dei får frå Landbrukstenestene. På dette kurset vil du få ein faktisk og praktisk tilnærming til daglege spørsmål og utfordringar, og du får utveksla erfaringar med andre i tilsvarande roller. Kursdeltakarane får moglegheit til å sende inn saker i forkant av kurset som blir anonymisert og tatt opp i plenum.

Innhald:

- Arbeidsrettsleg tema (Camilla S.Roander, NHO Mat og Drikke)
- Praktiske oppgåver (Camilla S.Roander, NHO Mat og Drikke)
- Arbeidsmiljø og HMS-reglar (Anne Brit Slettebø, NHO Mat og Drikke)